



# FANNAFJELLET

FORSAND KOMMUNE

## FAKTA

**Lengde:** Om lag 4-5 timar tur-retur

**Passar for:** Lengre familietur

**Parkering:** Ved Brekkeslettene

**Kartblad:** 1312 IV: Frafjord

### **Verd å merka seg:**

Denne turen går gjennom eit område med store naturverdiar og har i tillegg mykje spanande historie å by på. Dette er ein av inngangsportane til Frafjordheiane landskapsvernområde.



Foto: Roy Mangersnes

## OM TUREN

Frå Brekkeslettene fylgjer ein vegen opp gjennom Stølsbrekkene. Vegen er svært bratt, så det kan ta litt tid før ein når stølen 400 meter lenger oppe. Tidlegare var det kyr, sauer og geiter på Øvre Espedalsstølen, og gardsjentene gjekk den harde turen frå gardane i dalen kvar dag om sumaren. I dag er stølane gjort om til hytter.

Turen vidare går på godt synleg sti inn mot Fannafjellet. Når ein passerar Spelehaugen, bør ein prøva å finna stien til venstre som leier ein over Jonsåna. På andre sida er det og lett å gå over fine lynchheier. Ved foten av fjellet tar ein opp i skaret på høgre side og dreier rundt fjellet og opp til toppen.

Det er og mogleg å fylgja ryggen på høgre sida av Jonsåna og kryssa over elvå ved stidelet før Jonssteinen. På andre sida går ein over myrene til foten av fjellet, men her er det ikkje merka.

### Variert natur

Det er mykje spanande natur langs stien inn til Fannafjellet. Naturtypene spenner frå gamal krokut bjørkeskog i dalen via kulturlandskap ved Øvre Espedalsstølen og opne lynchheier vidare innover, til nakent fjell på 854 m.o.h.

I skogen er det et yrande fugleliv og gauken trivst spesielt godt her. I lynchheiene beitar orrfuglen, mens rypa hekkar heilt oppe på fjellet.

### Flyrester i fjellet

17. februar 1943 styrta ein tysk Junker, med ein besetning på fire, inn i Fannafjellet. Alle ombord omkom i krasjet. I dag kan ei finna mange flydelar spreidd utover eit stort område rundt fjellet. Desse må ikkje fjernast, då dei er staten sin eigen- dom og forvaltas av Forsvarsmuseet.





